

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/4193-

22. juni 2023

## Revidert nasjonalbudsjett 2023, kap. 260 post 50. Supplerande tildelingsbrev til statlege universitet og høgskular.

Vi viser til at Stortinget i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2023 har vedteke tilleggsløyvingar og omprioriteringar i 2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023) og Prop. 118 S (2022–2023).

Vi viser også til dei ordinære tildelingsbreva frå Kunnskapsdepartementet til dei statlege universiteta og høgskulane datert 20. desember 2022.

### 1. Utdanningskapasitet

Då Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020 løyvde midlar tilsvarande 4 000 studieplassar i høgare utdanning var det lagt til grunn at studieplassane ville bli finansierte slik at nye kull som blei tekne opp kunne fullføre. Samtidig var det ein føresetnad at den auka kapasiteten var knytt til høg arbeidsløyse og at den skulle fasast ut igjen. Sjå [Innst. 360 S \(2019-2020\)](#) og [Prop. 117 S \(2019-2020\)](#). I tråd med dette har utfasinga starta for dei kulla frå utdanningsløftet i 2020 som har fullført. I 2023 gjaldt det dei eitt- og toårige utdanningane.

I statsbudsjettet for 2023 la regjeringa til grunn at den samla opptakskapasiteten i sektoren kunne vidareførast på om lag same nivå i 2023 som i 2022. Ein bakgrunn for det var både ein realvekst samanlikna med saldert budsjett for 2022 og at innføring av studieavgift for studentar utanfrå EØS og Sveits grovt anslått vil frigjere kapasitet tilsvarande 2 600 toårige studieplassar. Institusjonane får no òg ekstraordinær pris- og lønnsjustering av rammeløyvinga.

I tildelingsbrevet for 2023 la Kunnskapsdepartementet til grunn at institusjonane opprettheld kapasiteten i utdanningar med vedvarande høg etterspurnad i arbeidsmarknaden og særleg i utdanningar innanfor helse- og sosialfag og teknologifag. I utsynsmeldinga, jf. [Innst. 472 S \(2022-2023\)](#) og [Meld. St. 14 \(2022-2023\)](#) forventar regjeringa at universitet og høgskular innanfor porteføljen sin prioriterer utdanningar i helsefag, IT og område som er viktige for det grøne skiftet.

Kunnskapsdepartementet har motteke rapporten frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse om kartlegging av utvikling i opptak, gjennomføring, kandidatproduksjon og praksisplassar for sjukepleiarutdanningar i 2023. Rapporten ser på utvikling i perioden 2018-2022 og bekreftar at det er ei utfordring med talet på søkjarar og tilgang på praksisplassar i sjukepleiarutdanningane.

Kunnskapsdepartementet understrekar, slik omtalt i tildelingsbrevet for 2023, at det på bakgrunn av faktisk opptak hausten 2023 i sjukepleiarutdanningane kan bli aktuelt å flytte midlar mellom institusjonane komande år. Tilsvarande vil det basert på faktisk opptak hausten 2023 til utdanningar innanfor IT og IT-relaterte emne også vere aktuelt å flytte studieplassar frå dei institusjonane som ikkje møter forventningane frå regjeringa om å oppretthalde kapasiteten i desse utdanningane.

## **2. Ekstraordinær pris- og lønnsjustering og kompensasjon for auke i arbeidsgivaravgift**

### **Mål og føring for tildelinga**

Midlane skal kompensere statlege universitet og høgskular for ekstraordinær lønns- og prisjustering i 2023 slik at ein unngår utilsikta redusert aktivitet. Tildelinga skal også kompensere statlege arbeidsgivarar for mellombels auke i arbeidsgivaravgift på inntekt over 750 000 kroner.

### **Beløp**

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette 827,8 mill. kroner og 109,4 mill. kroner til statlege universitet og høgskular som kompensasjon for høvesvis prisauke og høgare arbeidsgivaravgift i tråd med tabellen nedanfor.

<b>Institusjon</b>	<b>Ekstraordinær prisjustering, kroner</b>	<b>Kompensasjon arbeidsgivaravgift, kroner</b>
Nord universitet	34 887 000	3 060 000
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	31 264 000	4 459 000
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	153 871 000	33 064 000
OsloMet – storbyuniversitetet	58 670 000	6 096 000
Universitetet i Agder	34 826 000	2 955 000
Universitetet i Bergen	83 351 000	11 316 000

Universitetet i Oslo	124 695 000	17 590 000
Universitetet i Stavanger	38 588 000	4 910 000
Universitetet i Sørøst-Noreg	44 137 000	4 518 000
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	77 609 000	7 795 000
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	4 904 000	447 000
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk	6 896 000	531 000
Noregs handelshøgskole	12 616 000	3 200 000
Noregs idrettshøgskole	5 224 000	619 000
Noregs musikkhøgskole	6 405 000	335 000
Høgskolen i Innlandet	27 920 000	2 855 000
Høgskulen på Vestlandet	46 581 000	3 354 000
Høgskulen i Volda	8 871 000	413 000
Høgskolen i Østfold	16 502 000	1 331 000
Kunsthøgskolen i Oslo	7 899 000	313 000
Samisk høgskole	2 057 000	232 000

### 3. Utdanningstilbod - flyingeniør

#### Mål og føring for tildelinga

Tildelinga skal nyttast til å opprette eit studietilbod for å dekke eit aukande behov etter flyingeniørar i forsvarssektoren og i sivil sektor.

#### Beløp

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette 5 mill. kroner til Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet. Det ligg til grunn ei tilsvarande løyving i 2024 og midlar til 25 treårige studieplassar som blir fasa inn med opptappingseffekt frå og med 2024.

### 4. Simulerings- og øvingscenter for helseutdanningane i Kristiansund

#### Mål og føring for tildelinga

Tildelinga skal styrke Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk si satsing på Campus Kristiansund ved å finansiere eit simulerings- og øvingscenter for helseutdanningane.

#### Beløp

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette 5 mill. kroner til Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk.

## 5. Utdanningstilbud for jødiske vegvisarar

### Mål og føring for tildelinga

Stortinget løyvde i 2018 midlar for å finansiere eit vidareutdanningstilbud for jødiske vegvisarar. Løyvinga til tilbodet har inntil no gått til OsloMet – storbyuniversitetet. Frå og med hausten 2023 skal Universitetet i Oslo tilby denne vidareutdanninga og midlane blir løyvde til Universitetet i Oslo.

Tiltaket skal gi norske skuleungdom kjennskap til jødisk kultur og bygge ned fordommar og hets mot jødar. Tildelinga inneber finansiering av eit fast, modulorganisert vidareutdanningsopplegg for utdanning av jødiske vegvisarar.

### Beløp

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette 0,83 mill. kroner til Universitet i Oslo. Løyvinga til OsloMet – storbyuniversitetet blir redusert tilsvarande.

## 6. Omfordeling av studieplassar for flyktingar som følge av krigen i Ukraina

### Mål og føring for tildelinga

I 2022 løyvde Stortinget midlar tilsvarande 1 000 studieplassar retta mot flyktingar som følge av krigen i Ukraina, berekna som fireårige førebelse plassar i finansieringskategori D. Målet med løyvinga er å bidra til at flyktingar som følge av krigen i Ukraina kan starte eller halde fram med høgare utdanning i Noreg. Tilboda ved universiteta og høgskulane skal ikkje overlappe med retten til og tilboda flyktingane har gjennom introduksjonsprogrammet.

På bakgrunn av rapportering frå institusjonane om tildelinga i 2022, er løyvinga frå og med 2023 redusert til tilsvarande 500 plassar. Rapporteringa inneber vidare at departementet fordeler om midlar tilsvarande 102 plassar mellom institusjonane.

### Beløp

Tabellen nedanfor viser opphavleg tildeling i 2023 for desse plassane og endring i tildelinga som følge av omfordelinga mellom institusjonane. Grunna den ekstraordinære pris- og lønnsjusteringa er det lagt til grunn ein oppdatert sats for finansieringskategori D på 100 500 kroner.

Institusjon	Opphavleg tildeling i 2023, kroner	Endring i tildeling, kroner
Nord universitet	1 968 000	-
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	1 476 000	-
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	6 888 000	-1 206 000
OsloMet – storbyuniversitetet	3 936 000	-1 809 000
Universitetet i Agder	1 968 000	-

Universitetet i Bergen	6 150 000	4 573 000
Universitetet i Oslo	4 920 000	-
Universitetet i Stavanger	2 460 000	3 015 000
Universitetet i Sørøst-Noreg	3 444 000	-
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	1 968 000	-704 000
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	394 000	402 000
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	1 476 000	-603 000
Noregs handelshøgskole	738 000	-754 000
Noregs musikkhøgskole	197 000	-
Høgskolen i Innlandet	2 460 000	-1 106 000
Høgskulen på Vestlandet	2 460 000	-2 513 000
Høgskulen i Volda	492 000	-
Høgskolen i Østfold	1 476 000	503 000
Kunsthøgskolen i Oslo	98 000	101 000

## 7. Kompetanseutvikling og studietilbod i Aust-Finnmark

### Mål og føring for tildelinga

Regjeringa vil legge til rette for kompetanseutvikling og fleire studietilbod i Aust-Finnmark i tråd med behova for den einskilde og for samfunnet. Dette gjeld både dei unge som søker ein solid og fleksibel grunnkompetanse som rustar dei for morgondagens arbeidsliv, og arbeidstakarar i alle aldrar som vil vidareutvikle eller omstille seg i takt med samfunnsbehova. Stortinget har løyvd midlar til Samisk høgskole og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet for å auke tilboda frå hausten 2023.

Det ligg til grunn ei løyving til Samisk høgskole på til saman 6 mill. kroner i perioden 2023-2026 til studietilbod innanfor samisk begynnarpplæring og vidareutdanningstilbod.

Det ligg til grunn ei løyving til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet på til saman 14 mill. kroner i perioden 2023-2026 til studietilbod innanfor blant anna reiseliv og entreprenørskap, tryggleik og beredskap.

### Beløp

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette halvårseffekt på 1 mill. kroner til Samisk høgskole.

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette halvårseffekt på 1,5 mill. kroner til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

## 8. Utbetaling

Kunnskapsdepartementet utbetaler midlane per institusjon i éin rate.

## 9. Krav til rapportering

Mottakarar av tildelingar skal rapportere om bruk av midlane i årsrapport for 2023 som skal sendast til Kunnskapsdepartementet, [postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no), innan 15. mars 2024.

Med helsing

Hedda Huseby (e.f.)  
avdelingsdirektør

Maria Elise Rød  
rådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi  
Riksrevisjonen

## Adresseliste

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	Postboks 6768 St. Olavs plass	0130	OSLO
Høgskolen i Innlandet	Postboks 400	2418	ELVERUM
Høgskolen i Molde vitenskapelig høgskole i logistikk	Postboks 2110	6402	MOLDE
Høgskolen i Østfold		1757	HALDEN
Høgskulen i Volda	Postboks 500	6101	VOLDA
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Kunsthøgskolen i Oslo	Postboks 6853 St Olavsplass	0130	OSLO
Nord universitet Norge	Postboks 1490 Helleveien 30	8049 5045	BODØ BERGEN
Handelshøyskole Norges idrettshøgskole	Postboks 4014 Ullevål Stadion	0806	OSLO
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Norges musikkhøgskole	Postboks 5190 Majorstua	0302	OSLO
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet		7491	TRONDHEIM
OsloMet – storbyuniversitetet			
Samisk høgskole	Hánnoluohkká 45	9520	KAUTOKEINO
Universitetet i Agder	Serviceboks 422	4604	KRISTIANSAND S
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Oslo	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
Universitetet i Stavanger		4036	STAVANGER
Universitetet i Sørøst-Noreg	Postboks 235	3603	KONGSBERG
Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet		9019	TROMSØ